



Jobbnorge-ID: 98951
Søknadsfrist: Avsluttet
Nettside:
Omfang:
Varighet:

Leiar for forskingsgruppe Reproduksjon og utviklingsbiologi Mrk. 56-13

Hovudoppgåva for forskingsgruppeleiar er å bidra til instituttet sin faglege utvikling innan gruppa sine fagfelt. Dette inneber personalansvar og -leiing av medarbeidarane i gruppa, og å fordele gruppa sine personellressursar i tråd med instituttet sitt behov for kompetanse i prosjekt. Leiar har ansvar for at medarbeidarane sin kompetanse blir teken i bruk og utvikla i tråd med instituttet sin faglege strategi. Ein viktig føresetnad for at instituttet skal lukkast er at leiar evner å utvikle og motivere sine medarbeidarar, og ser sitt forskingsområde i ein heilheitleg samanheng med dei andre forskingsområda på instituttet.

Forskningsgruppa Reproduksjon og utviklingsbiologi arbeidar med grunnleggjande og anvendt forskning innan marin genomikk, fiskefysiologi og morfologi, samt eksperimentell biologi på fisk og skjell med særleg vekt på reproduksjon og utvikling. Arbeidet rettar seg mot viktige artar i norsk akvakultur og marine økosystem. Gruppa er for tida lokalisert på forskingsstasjonane på Austevoll og i Matre, samt i Bergen. Ein arbeidar med alle livsstadier hos fisk og skjell. For tida er prosjekt knytt til kjønnsmodning hos fisk og utprøving av steril fisk og fiskevelferd sentrale for gruppa. Gruppa arbeider og med rådgjevingarbeid knytt til fiskeoppdrett og reproduksjon hos vill fisk.

Leiar for forskingsgruppa skal bidra til at utviklinga av instituttet på desse fagområda skjer i tråd med fagleg strategi. Forskningsgruppa består i dag av 24 forskarar og teknikarar. Forskningsgruppeleiar rapporterer til forskingsdirektør for akvakultur, marint miljø og teknologi.

Søklar må kunne dokumentere relevant forskingskompetanse tilsvarende 1183 forskar/1013 professor eller 1110 forskar, og leiarerfaring, helst frå forskingsbasert verksemd. Ein vitenskapleg komité vil bedømme aktuelle kandidatar dersom dei ikkje kan dokumentere nødvendig forskingskompetanse.

Generelt om stillinga som forskingsgruppeleiar

Gode leiareigenskapar er naudsynt. Vedkommande må vere resultatorientert, ha gode samarbeidsevner og kunne motivere medarbeidarane. Arbeidsspråket er norsk, og det vert stilt krav om god munnleg og skriftleg framstillingsevne. Vi legg til grunn at søkjaren også meistarar engelsk på høgt nivå, både skriftleg og munnleg.

Det er ein føresetnad for å lukkast i stillinga at leiar held seg fagleg oppdatert på forskingsgruppa sine fagområde og utviklar eigen kompetanse.

Arbeidsstad vil anten vere i Bergen, Tromsø eller på ein av instituttet sine forskingsstasjonar i Matre, Austevoll eller Flødevigen. Noko reiseverksemd må pårekast. Andre oppgåver enn dei som er nemnde ovanfor kan verte pålagde ved behov.

Stillinga vert løna i stillingskode 1111 forskningssjef, ltr. 70-101, brutto kr 601 600-1 228 800, ut frå kvalifikasjonar. Det vert trekt 2 % innskot til Statens pensjonskasse.

Nærare opplysningar om stillinga kan ein få hos forskingsdirektør Geir Lasse Taranger på

tlf. 901 11 596.

Havforskningsinstituttet er ei IA-verksemd som er opptatt av mangfald, og vi oppfordrar alle kvalifiserte kandidatar til å søkje stillinga.

Havforskningsinstituttet har som mål å auke talet på kvinner i leiarstillingar, så kvinner vert spesielt oppfordra om å søkje.

Vi gjer merksam på at opplysningar om søkjaren kan bli offentleggjorde sjølv om søkjaren oppmodar om ikkje å bli ført opp på søkjarlista. Søkjaren vil bli orientert om dette på førehand.

Søknad skal sendast elektronisk via link på denne sida med CV, relevante attestar og vitnemål.

Søknadsfrist 12.01.2014

Tilleggsinformasjon

Arbeidssted: